



Fagsjef skule

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/549 - 14/15119

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:
20.06.2014

Tilstandsrapport for grunnskulen i Lindås 2013-2014

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing

Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Fagsjef skule



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
047/14	Kommunestyret	PS	12.06.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Anne Wergeland	14/549

Tilstandsrapport for grunnskulen i Lindås 2013-2014

Vedlegg:

02 06 14 Tilstandsrapport 2013-2014
02 06 14 Strategiplan grunnskulen i Lindås

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Melding om tilstand og kvalitet i grunnskulen i Lindås er teken til orientering.

Kommunestyret - 047/14

KO - behandling:

Fagsjef skule, Anne Wergeland, orienterte i saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

Melding om tilstand og kvalitet i grunnskulen i Lindås er teken til orientering.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Tilstandsrapporten er ei skildring av tilstanden i opplæringa i kommunen for skuleåret 2013-2014. Rapporten inneheld ei skildring av lokale mål og utvikling og vegen vidare i kvalitetsarbeidet.

Rapporten er lovheimla i opplæringslova § 13-10 Ansvarsomfang

Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllast.

*Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-1 fjerde ledd. **Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa** og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigar dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane.*

Vurdering

Det er sett nasjonale krav til innhald i tilstandsrapporten. Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men kan utvidas med annan omtale som skuleeigar meiner er tenleg ut frå lokale behov. Det er data frå Skoleporten som i hovudsak skal nyttast som grunnlag for skuleeigar si vurdering av tilstanden.

Hovudområda i Tilstandsrapport for grunnskolen i Lindås 2013-2014 er:

- Skulefakta
- Elevtal, lærarårsverk og lærartettleik
- Læringsmiljø
- Læringsresultat og overgang til vidaregåande skule
- Tidleg innsats - frå spesialundervisning til tilpassa opplæring
- Opplæring av minoritetspråklege elevar
- Vaksenopplæring

Saman med resultat henta frå Skoleporten, er kvart hovudområde skildra med lokale mål, vurdering av utvikling og plan for vidare arbeid.

Rapporten har i tillegg ein omtale av kommunen sitt kvalitetssystem (kap.2) og ein omtale av Strategisk plan 2014-2018 (kap.9)

Tilstandsrapport 2013-2014 vart lagt fram for levekårsutvalet 13.mai 2014. Møtet var lagt opp som eit dialogmøte mellom politikarar, administrasjon og skuleleiarar. Rapporten vart lagt fram til drøfting og vedtak i kommunestyret 12.juni 2014.